

LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune
Kulturkontoret

14. sept 2017

Uttale ang. fordeling av kulturmidlar - resttildeling 2017, framlegg frå rådmannen

Lindås kulturråd ønskjer at vår fråsegn vert vedlagt saka når den skal handsamast i Levekårsutvalet.

Til det tilsendte forslaget til fordeling av kulturmidlar har vi ingen merknadar.

Kulturrådet vil imidlertid minne om dei generelle merknadar som er nevnt i tidlegare uttaler på kulturmidlar, både i 2016 og våren 2017, m.a.:

Dataprogram:

«Lindås kulturråd meiner det bør investerast i eit moderne dataprogram som gjer betre oversyn både for søkjar og sakshandsamar i desse sakene. Slik det er i dag må sakshandsamar gjere mykje manuelt arbeid med innlegging av tal og tekst etc. Dette burde vore automatisk innhenta frå søknadsskjema. Vi har og registrert at det kan oppstå feil ved ulike måtar å senda inn søknader på. Dagens system gjev heller ikkje nødvendig historikk»

Ang søknad om oppgradering av uteareal:

«Lindås kulturråd meiner uteområde er oppdrag for idrett- og friluftsliv og bør ligge i Lindås Idrettsråd i samarbeid med eigedomsavdelinga der slike innspel kan handterast av spelemidlar og eventuelt interne midlar, jfr. retningslinene § 9 – bygg/anlegg og utstyr, søknadsfrist 15 mars.»

Ang søknadstypar:

«Det kan framleis verke som om at det ikkje er lett å forstå skilnaden mellom «drift», «aktivitet» og «prosjekt» av di søknadar på hausten framleis kan dreie seg om driftsmidlar. Lindås kulturråd meiner at det kun er søknadar som dreier seg om utadretta aktivitet/prosjekt som må prioriterast i haustfordelinga.»

Ang tilskot born og unge:

«Vi vil igjen minna om side 5 i gjeldande kulturplan der det framgår at det er eit mål at 5 % av Lindås kommune sine årsbudsjett vert nytta på kulturfeltet. Framleis meiner Lindås kulturråd at kommunen si prioritering til kultur, herunder til born og ungdom, er altfor låg.»

Lindås Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Lindås kulturråd

Einar Vatne (s)
Styreleiar

Per Ole Ekker
Sekretær